ÅRSMELDING

STIFTELSEN MUSEUM VEST

2025

Museum Vest







2025

1.SKILDRING AV VERKSEMDA OG SKILDRING AV KOR VERKSEMDA VERT DRIVE

Museum Vest bestod i 2025 av museumsarenaene Herdla Museum, Kystmuseet i Øygarden, Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene, Bergens Sjøfartsmuseum, Bjørn West Museet, Nordsjøfartmuseet og Norges Fiskerimuseum.

I tillegg har Museum Vest Fellestjenesten. Museum Vest er eit regionmuseum for kommunane Øygarden, Askøy, Masfjorden og Bergen kommune. Den tematiske profilen går ut frå avdelingane sine hovudtema:

- Kysten og havet som økosystem, livsgrunnlag og ferdselsåre
- Okkupasjon, krig og menneskerettar
- Handels- og sjøfartsbyen Bergen

STYRET 2025

Namn	Rolle	Oppnemnd av	Valperiode
Bjørn Sjaastad	Styreleiar	Bergens Sjøfartsmuseum	2024-2027
Robert Kaupang Sæle	Nestleiar	Nordsjøfartmuseet	2024-2027
Anne Brit Reigstad	Styremedlem	Bergen kommune	2024-2027
Kari Østervold Toft	Styremedlem	Norges Fiskerimuseum	2024-2027
Kurt Hæggernæs	Styremedlem	Askøy kommune	2024-2027
Rafael Cobo Garrido	Styremedlem	Vestland fylkeskommune	2024-2027
Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn	Styremedlem	Bjørn West museet	2024-2027
Kristin Børve Jacobsen	Styremedlem	Kystmuseet i Øygarden	2024-2027
Eli Samuelsen	Styremedlem	Tilsett representant	2025-2027

Styret har hatt 6 møte og behandla 43 saker.

VARAMEDLEMMAR

Namn	Rolle	Oppnemnd av	Valperiode
Silvia Haugland	Varamedlem	Vestland fylkeskommune	2024-2027
Terje Magnussen	Varamedlem	Norges Fiskerimuseum	2024-2027
Andreas Madsen Berg	Varamedlem	Bergen kommune	2024-2027
Camilla Brautaset	Varamedlem	Bergens Sjøfartsmuseum	2024-2027
Hilde Arnesen	Varamedlem	Tilsett representant	2024-2027
Malfred Rong	Varamedlem	Kystmuseet i Øygarden	2024-2027
Synne Nordøy	Varamedlem	Nordsjøfartmuseet	2024-2027
Frode Larsen	Varamedlem	Askøy kommune	2024-2027
Bjarte Moncrieff-Dyrkolbotn	Varamedlem	Bjørn West museet	2024-2027

For 2025

DIREKTØREN HAR ORDET

2025 har vore eit godt år for Museum Vest. Musea har hatt over 170 000 besøkande. Vi har hatt ein auke i talet på betalande besøkande, og vi er glade for at stadig fleire vel å besøke musea våre.

Restaureringa av Det Hanseatiske Museum er det største prosjektet vi er involverte i. Vi er i tett dialog med vår gode samarbeidspartnar, Bergen kommune, for å gjere alt klart til nyopninga 16. april 2027. Det står att ein god del arbeid, men vi gler oss til å presentere ei heilt ny utstilling som vi trur vil gjere heile Bergen stolt.

Som partnar i Havbyen Bergen er vi årleg med på ulike prosjekt og arrangement for å løfte byen som havhovudstad. Dette vil òg vere eit satsingsområde i tida framover.

Det har skjedd særleg mykje på forskingsfeltet i 2025. Fleire store prosjekt, i nært samarbeid med UiB, har fått økonomisk støtte frå Norges forskningsråd , og vi har fått støtte til at ein tilsett kan gjennomføre ei doktorgradsutdanning. Ni tilsette i Museum Vest har no doktorgrad.

Vi fekk eit positivt resultat for 2025, noko som er ein konsekvens av god økonomistyring både ved avdelingane og i sentraladministrasjonen.

EG HÅPER DU TEK DEG TID TIL Å LESE HEILE ÅRSMELDINGA FOR Å FÅ VITE MEIR OM ALT SOM SKJER I MUSEUM VEST. VI ER STOLTE AV DET VI HAR LEVERT I 2025.

Strusshamn, 18. februar 2026
Øyvind Stang, direktør

HOVUDTAL FOR 2025

Totalt antal besøkande: 170 963
Elevbesøk: 11 251
Enkeltbesøk barn og unge: 19 820
Betalande besøkande: 80 400



Besøkstal 2019-2025



Betalande besøkstal 2019-2025



ORGANISASJONSKART **MUSEUM VEST**



Relevant formidling

- Satse på kunnskapsbasert formidling. MV skal synleggjere samlingane, ny forsking og kunnskapsproduksjon gjennom formidling på ulike nivå og implementere aktiv bruk av museets formidlingskanalar.
- Satse meir på aktivisertbasert formidling ved avdelingar det er relevant for, og ta uteområde og nærmiljø i større bruk.
- Vere oppdaterte på nye formidlingsmetodar.
- Ha spesielt fokus på å nå publikum lokalt og regionalt.
- Utvikle formidlingstilbud på tvers av avdelingane og søke samarbeid med eksterne partar.
- Vidareføre arbeidet med publikumsutvikling både retta mot tidlegare besøkande og nye målgrupper.

I Museum Vest har vi samla sett innfridd på alle desse områda i 2025, det vil ein sjå i skildringa av dei einskilde avdelingane og det vi har gjort i fellesskap i Museum Vest.

VÅRE SJU MUSEUMSARENAER OG AKTIVITETEN I 2025

Bjørn West Museet

Bjørn West Museet hadde i 2025 dei beste besøkstala sidan 1999, med gjester frå 14 ulike nasjonar. Vi merker auka etterspurnad etter foredrag om historia til Bjørn West og krigsfangane på Matre i regionen. Museet tok initiativ til, og finansierte eit nytt og utvida opplag av Geir Hitland si bok om Bjørn West. Godt sal har gitt styrka økonomi.
8. mai hadde vi minnemarkering der museet sin eigen unge museumsvert Anders Emil M. Matre heldt ein flott tale. 23. august tok museet del i Masfjorden kommune sin markering av fjorden som tusenårsstad, kombinert med ei 80-årsmarkering av freden i 1945 - servering, utekonsert og appell. Etablering av kjøkken gav ny mogelegheit for enkel servering til større grupper.
Rundturen med vitjing på museet, guiding gjennom Matrefjella og middag på Stordalen fjellstove er framleis «ein vinnar». Bjørn West-marsjen er ein viktig formidlingsarena. Her får ein kombinert krigshistoria med fantastisk turoppleving. Museet hadde fleire guideoppdrag for Vest politidistrikt og HV-09 i Matrefjella.
Vi har uløyste saker med Masfjorden kommune i høve til vedlikehald og lokalitet for fornying.
Vi opplever stor interesse for historia som vert formidla ved museet. Dette gjer at vi ser lyst på 2026-sesongen.



Bergens Sjøfartsmuseum

Årets store satsing var opninga av utstillinga «Vikingskipet», som har vore utvikla i eit flott samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen. Museet heldt fram med eit breitt utval med foredrag for vaksne samt eit godt barne- og familieprogram. Maritime familiedagar blei arrangerte for 29. gang i november, med godt besøk. Museet har hatt ansvar for redaksjon og produksjon av «Museum Vest-podden», som formidlar forteljingar om sjøfart, fiskeri, krigshistorie, kystkultur og mellomalderen i Bergen. Podkasten hadde rundt 10 000 unike nedlastingar. Vi har utgitt andre utgåve av nivå 1-tidsskriftet Maritime Perspektiver saman med Norsk Maritimt Museum. Museet hadde fleire undervisningstilbod for skuleverket og barnehagar. Vi bidrog med foredrag og arrangement knytt til utvandringsjubileet Crossings 2025. Innan samlingsforvaltning, var det største enkelttiltaket å returnere til museet og gjennomgå ein del gjenstandar frå det store «Rundefunnet» på Sunnmøre. Vi held fram med å gjennomgå, digitalisere og tilgjengeleggjere fotosamlinga.

Marinarkeologi

Utover ordinær saksbehandling og feltarbeid, gjennomførte museet fleire tiltak i samarbeid med Universitetet i Stavanger, Norsk Maritimt Museum og andre samarbeidspartnarar. Vi deltok i eit prosjekt med National Museums of Kenya og Universitetet i Coimbra, ved å gjennomføre fotogrammetrisk kartlegging av eit skipsvrak med høg vitskapeleg verdi og som truleg var ein tidleg portugisisk gallion frå Vasco da Gama sin flåte. Prosjektet har som mål å utvikle maritim arkeologi i Kenya, auke det lokale medvitet om undersjøisk kulturarv, og bidra til etableringa av eit lokalt museum som kan formidle funn frå vraket. Det er ein prioritet for museet å styrke marinarkeologien i tida som kjem.

Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene

Museet har hatt gode besøkstal og nye formidlingstilbod. Aktivitetsløypa "Lek og lær med hanseaten Hans" i uteområdet på Schøtstuene, knyter historie og leik saman. Kvar søndag frå oktober til april er det gratis tilgang for to vaksne saman med barn. Aktivitetsløype og forteljarstund skal bidra til å senke tersklar for deltaking. Vi har tilbod for skuleklassar gjennom Den kulturelle skolesekken, men også andre tilbod for skuleklassar. Kulturnatt i september er eit ope arrangement med omvisingar og musikkoppleving.

For første gong på 15 år lanserte museet Det hanseatiske museets skriftar med tittelen "Menneska og tankane bak bevaringa av Bryggen". Vi er med på forskarkonferansar og i forskarnettverk. På hansadagane i Visby var vi representerte med eigen stand og informasjon. Designhandboka for Det Hanseatiske Museum vart presentert i slutten av oktober og gir innhald og retning for vidare bygging av utstillingar fram mot opninga i april 2027. I 2025 har det vore særleg fokus på innhald, konservering av gjenstandar og vareutval i butikk.

Herdla Museum

Dei siste åra har Herdla gradvis styrka si rolle som reiselivsdestinasjon. Det er kome på plass både hotell, lokal butikk og fleire nye aktivitetstilbod. Dette har vore ei utvikling som gagnar museet og har gitt oss både større merksemd og fleire besøkande. Saman med ein varm, fin sommar var det med å sikra museet besøksrekord i 2025.

I løpet av året har museet vist to mellombelse utstillingar: «Mosevis» - ei utstilling om myr og mose, særleg retta mot barn og utstillinga «Herdla, det glemte hus» som set eit bygninghistorisk fokus på Herdla gård.

Museet har hatt fullteikna aktivitetstilbod til barn og unge i alle feriar. Opplegga er blitt gjennomførte i samarbeid med Herdla frivillighetssentral. Eit samarbeid med Ypso naturskule var nytt av året. Naturskulen opererer på tvers av kommunegrensene og tek imot elevar frå både Askøy og Alver. Vi opplevde i fjor ei auka interesse for dei guida turane i torpedobatteriet og følgde opp dette med eit utvida tilbod. Gjennom fleire år har museet, med støtte frå Statsforvaltaren, følgt opp vipeprosjektet. Slik også i 2025 som var ein vellukka hekkesesong for vipene på Herdla.



Kystmuseet i Øygarden

Kystmuseet har hatt vanlege undervisningspakkar for barn og unge frå barnehagealder og opp til VGS, og det har kome til to nye undervisningsopplegg knytt til livet i havet (MarDiva). Vi har vølt eitt av torvhusa i Tjeldstømarka i samarbeid med Tjeldstø grendalag og elevar frå Øygarden ungdomsskule.

Det er gratisaktivitetar og kino for barn i alle feriane heile året. I tillegg har vi faste arrangement som *Taremare badefestival*, Halloween og juleaktivitetar.

Taremare Sjøbad er no godt tilrettelagt, og var særs godt besøkt på varme dagar. Dette er besøkstal vi ikkje får inn i statistikken. Museumsområdet er generelt meir opna for bruk av frivillige/private leigetakarar, og museet starta hausten 2025 opp *Måndagskafe heile året*.

Museet har eit særskilt godt samarbeid med Øygarden sogelag, knytt til formidling og forvaltning.

Forteljarkveldane er faste og populære arrangement, og *Berekraftsdebatten* under *One Ocean Week* har etablert seg som ein nasjonal debattarena.

STADER SOM BETYR NOKO

Foto: Jan M. Lillebø

Vi har opna to nye utstillingar i 2025: Berekraftig barndom? og Tradisjonsbåtar på Vestlandet. Vi hadde også utstilling i gamle Hjelme kyrkje under jubileumsveka der.

Forvaltningsområdet har hatt noko kapasitetsproblem grunna vakant stilling, men dette har blitt supplert med bruk av kompetanse frå Statsarkivet i Bergen, og studentar frå AHKR, UiB. Ny forvaltar er på plass januar 2026. Eit nytt inntak av objekt som særskilt må nemnast er samlinga til Johannes Kleppevik.

Museet har i 2025 kopla på arkitektfirmaet Link Arkitekter AS for å teikne forslag til nytt kontorbygg. Planen er at kontorlokale i dag skal konverterast om til ein del av ny hovudutstilling. HVL er også kopla på i høve 3D-utstilling og ny hovudutstilling.

Felles for Kystmuseet og Nordsjøfartmuseet

Nordsjøfartmuseet og Kystmuseet i Øygarden har redaktøransvar for årboka Havstrilen saman med årboknemnda. Vi skaffar sponsormidlar og distribuerer den til butikkar og Museum Vest sine avdelingar. Årboka er eit samarbeidsprosjekt med alle sogelaga i kommunen, og i år kom den ut for 25. gong, Det vart skrive tre artiklar av tilsette i Museum Vest.

Kystmuseet og Nordsjøfartmuseet har jamnlege møter med administrasjonen i Øygarden kommune, og har i 2025 særskilt jobba opp mot Oppvekstsjefen og Skulesjefen angåande meir føreseielege skulebesøk og transport.



Nordsjøfartmuseet i Telavåg

Museet hadde undervisning for barn og unge, frå ungdomsskulen og vidaregåande skule. Vi vidareutvikla museum-skule samarbeidet med prosjektet "Til ungdommen" med Sund ungdomsskule med ein avsluttande presentasjonskveld for foreldra på museet. Vi har og arbeidd for auka elevbesøk frå Øygarden kommune.

8. mai arrangement- 80 år sidan frigjeringa: Markering på minnestøtta med påfølgande arrangement på museet med servering til alle. Bokbad om kvelden med tema frå Telavåg og Finnmark med Vivian Midttveit og Tordis Lunde, leia av Tone Kolsrud.

Nordsjøfartmuseet arrangerte månadlege kaféar for målgruppene pensjonistar, naboar, nybakte foreldre og strikkeglade.

I vinter- og haustferien samt siste opningsdag viste vi filmar for barn og unge.

Jenny Heggvik deltok saman med ordførar i Øygarden, Tom Georg Indrevik, på avdukinga av ferdigrestaurert slipp i Scalloway, Shetland, 7. august 2025.

Kommandobunkeren i Sandviken var ferdigrestaurert i 2024. Museum Vest hadde tre omvisingar i bunkeren i 2025. Dei frivillige bygde to utstillingar og eit monter med våpen og andre gjenstandar. Dei starta arbeidet med å erstatte blending av garasjeopning med ein permanent vegg.

Norges Fiskerimuseum og Storeblå

Norges Fiskerimuseum har hatt undervisning av skolebarn gjennom undervisningsopplegget “Luker, tau og årer” (støtta av Den kulturelle skolesekken i Bergen kommune) og undervisningsoppleggene på Storeblå visningssenter for havbruk. Museet vidareførte også arbeidet med å utvikle og realisere “Hjemom”, eit konsept for aktivitetar og kafé med eit overordna formål om generasjons- og kulturmøte.

Året blei dominert av sluttspurten i Bontelabo-prosjektet, der museet sine rundt 1000 kvadratmeter store magasin skulle tømmast. Prosjektet blei formelt avslutta i juni, og gjekk då over i eit reint flytteprosjekt. Store magasin (rundt 650 kvm) blei tømte. Ved årsslutt hadde museet ein månad igjen på Bontelabo, der det har halde til sidan 1991. Flyttinga har ført til eit stort løft for både samlingane og forvaltninga i museet.

Ved museet blei det også produsert kunnskap gjennom førebuingane av ein vitskapeleg artikkel og oppstarten av eit bokprosjekt. Ein av de tilsette fekk støtte til Offentleg PhD frå Norges Forskningsråd, med oppstart i januar 2026.

Meir om formidlinga i Museum Vest

Museum Vest har tilbydd eit bredt spekter av undervisningsopplegg for alle utdanningsnivå frå barnehage til vaksenopplæring via plattforma Digital Museum Skole. Vi har hatt arrangement tilpassa ulike målgrupper som aktivitetar i skuleferiar, store familiearrangement, konsertar, føredrag og ulike kaféar for demente, pensjonistar og eldre, småbarnsforeldre og strikkeglade. Museum Vest har halde fram med digitalt formidlingsarbeid, med Museum Vest-podden med 101 episodar til no, derav 13 produsert i 2025. Tre nye artiklar vart publiserte på Digitalt Museum.

Samarbeid med eksterne aktørar:

Museum Vest har samarbeidd med Teknisk Museum og Universitetet i Stavanger om Museumspedagogisk nettverk med jamnlege digitale seminar.

Kystmuseet inviterte krigsveteranar inn til ulike arrangement og samarbeidde med NAV Øygarden knytt til barnefamiliar med ulike utfordringar. Museet hadde ulike gratisaktivitetar for barn og barnefamiliar, og oppretta samarbeid med Gangstøgarden Ressurssenter for fisking og båtaktivitetar på museet. Mandagskafe for heile året, med særskilt invitasjon til nærmaste eldreinstitusjonar. Vaksenopplæringa i Bergen/Øygarden kommune kom med språkklassane sine. Samarbeidet med Tjeldstø grendalag og Sotra VGS om Tjeldstømarka fortsatte i 2025, med vøling og formidling om torvhus og fuglereservat.

Norges Fiskerimuseum samarbeider med Bergen Kommunale Kystkultursenter Frivilligsentral om å skape ein inkluderande møteplass i og rundt museet og senteret. Nabokaffe kvar veke og Sandviksdagen-arrangementet står sentralt i dette arbeidet. Museet har opna kafelokalet for lågterskeltreff kvar veke gjennom konseptet Åpen Dør, i samarbeid med frivillige ildsjeler frå nabolaget. Frivillige bidreg også med leksehjelp og Håndarbeidsstue for skuleelevar. Museet samarbeidde med Bærekraftige Liv Sandviken, som resulterte i fleire bruktmarked-arrangement i museet sine lokale, og med den latinamerikanske kulturforeininga Takiri, med folkedans og servering av latinamerikansk mat. Samarbeidet med Robin Hood huset om sjømatkurs i skuleferiane blei vidareført. Museet var og med i prosjektet «Postveien i Bergen»; eit samskapingsprosjekt med m.a. Bergen kommune og Vestland fylkeskommune.

Overnattingsturane på Herdla museum for lærarstudentar frå HVL, er blitt vidareført i 2025. Museet står her for den faglege delen som er knytta til fuglelivet. Vidare samarbeider museet med Frivillighetssentralen på Askøy om ferieaktivitetar for barn og unge og med Askøy kommune om ein leir for menneske med funksjonsnedsettingar. Samarbeid med Ypso naturskule med maritime aktivitetar.

Inkludering og lavterskeltilbod:

Nordsjøfartmuseet har opne, gratis møteplassar for pensjonistar, småbarnsforeldre og strikkeinteresserte i tillegg til gratis inngang på 8. mai-arrangement, med lunsj dekka av kommunen. Bjørn West Museet har to dagar med gratis inngang til museet, 8. mai og 23. august. Kystmuseet opna opp bygg og museumsområdet for lokalbefolkninga, og Taremare Sjøbad fekk eit løft og auka bruk i 2025. Det vart og starta ope mandagskafe, der planen er at den skal vere open kvar måndag heile året utanom heilagdagar.

Bergens Sjøfartsmuseum gir gratisbillettar til Maritime Familiedagar til brukarar av Robin Hood Huset og innvandrarar i Forberedande opplæring for vaksne i Bergen (grunnskule) og er tilbydar i Aktivitetskortet for barn og ungdom.

Det Hanseatiske Museum og Schøtstuene har halde ope på Kulturnatt og arrangert Jul på Schøtstuene. For familiar har vi tilbod om søndag på museet som kombinerer aktivitetsløype og forteljarstund.

One Ocean Week 2025: BSJ og NFM hadde gratisarrangement på familiedagar og DHM hadde skuletilbod. KIØ hadde skulebesøk, og arrangerte Berekraftsdebatten.

OOW - Familiedag i Bergen. Foto: Vivian Torvund Berg

DIGITAL FORMIDLING 2025:

Når det gjeld digital formidling er Museum Vest-podden framleis ein suksess. Fram til årsskiftet var det totalt publisert 101 episodar og 13 av desse publiserte i 2025. Det var færre enn i fjor grunna sjukdom i produksjonsteamet. Museum Vest har også ein eigen You Tube-kanal, med færre brukarar enn podkasten. Det er løpande publiseringar i sosiale media; på Facebook, Instagram og på heimesida vår.



Avspelingar MV podden

Nye avspelingar i 2025 er 10.905. (46.813 ulike avspelingar totalt sidan oppstart)
13 nye episodar i 2025.
Totalt tal episodar sidan oppstart på MV-podden: 101 episodar.

Artiklar publisert på Digitalt Museum

Ved utgangen av 2025 var det publisert 36 artiklar, av dei tre nye i rapporteringsåret.

SAMLINGS-FORVALTNING

I perioden 2022–2025 har arbeidet med å flytta samlingar frå ueigna magasin og skaffa nye fasilitetar hatt stort fokus. Dette gjaldt også i 2025.

Det største prosjektet har vore etableringa av magasin for Norges Fiskerimuseum. Her har vi lukkast med å skaffe gode lokale og gjennomført ein flytteprosess som har styrkt dokumentasjon, bevaring og kompetanse innan samlingsforvaltninga.

I 2025 vedtok fylkestinget at Vestland fylkeskommune skal vere byggherre for Samlingssentrum. Prosjektet er avgjerande for at Museum Vest skal kunna sikre forvaltninga av særleg større objekt, og den positive utviklinga i prosjektet er svært gledeleg.

Vi har gjennom året samarbeidd med Bevaringstenestene om bevaringstiltak og kompetanseutvikling, og flytta gjenstandar til fellesmagasinet deira.

Ved Det Hanseatiske Museum, Bergens Sjøfartsmuseum og Kystmuseet i Øygarden er det utført arbeid med samlingane i utstillingsprosjekt, med viktige bidrag frå Bevaringstenestene og Universitetsmuseet i Bergen.

Delar av Rundefunnet er returnerte til Bergens Sjøfartsmuseum, og arbeidet med registrering og ny utstilling er i gang. Ved Nordsjøfartmuseet er det jobba vidare med registrering av arkivet og fotosamlinga. Løpande arbeid innan samlingsutvikling og handtering av førespurnader om samlingane har gått føre seg ved alle avdelingane til Museum Vest.

Innan bygningsvern blei etablering av ei regional teneste for Midt-Hordaland utgreidd. Konklusjonen er at Museum Vest er best tent med at Museumssenteret i Hordaland, som har eit større fagmiljø, tek ansvaret. Ved Kystmuseet i Øygarden har vi arbeidd med istandsetting av torvhus i Tjeldstømarka, samt skjøtsel av bygningssamlinga.

43 836 kulturhistoriske gjenstander

11 981 arkeologiske gjenstander

111 993 fotografier

33 kulturhistoriske bygninger

62 fartøy og båter

2 kulturlandskap

FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING

Innsatsområdet forsking har i strategiperioden 2021-2025 lagt vekt på prioritert ressursbruk for å auke forskingskompetansen og å utvikle samarbeidet med andre forskande institusjonar. Resultata frå 2025 viser viktige effektar av denne framgangsmåten for å utvikle museet fagleg.

Det verftshistoriske prosjektet, leia og utvikla av Museum Vest, har resultert i ein vitskapleg antologi med Museum Vest som største bidragsytar. Antologien blir lansert våren 2026. Museum Vest er i leiinga av forskingsnettverk for musea i Vestland, finansiert av Kulturdirektoratet og Vestland fylkeskommune. Dette har gitt viktige faglege møtestadar og skapt rom for nye forskingsperspektiv. I 2025 oppnådde Museum Vest i lag med Musea i Sogn og Fjordane og Hardanger og Voss museum og UiB støtte frå Forskingsrådet til eit fleirårig forskingsprosjekt om natur- og kulturrelasjonar på museum. Som sjølvstendig aktør har Museum Vest dessutan gjennom vår oppnådde forskarkompetanse fått tilsvarande støtte til eit prosjekt med kvinneperspektiv på hanseatisk historie, i lag med UiB. Vidare har Museum Vest i lag med Høgskulen på Vestlandet sikra fagleg og økonomisk støtte til doktorgradsutdanning for ein av museet sine tilsette.

MV/KiØ har i samarbeid med Universitetsmuseet UiB, sikra midlar til prosjektet Kystarv under press: Klima, kultur og verdiskaping på ytterkysten av Øygarden og på Sunnmøre.

I løpet av 2025 vart i alt ni vitskaplege artiklar fullført, og er anten alt publisert eller har fått redaksjonell godkjenning etter ferdig fagfellevurdering. I tillegg er det publisert andre fagartiklar i årbøker og på nett av god kvalitet. Dette kjem i tillegg til alle dei ulike formane for formidling overfor den breiare allmenta som våre fagfolk og forskarar bidreg med.

Museum Vest sin nye strategi som vart utforma i 2025 vil vidareføre og utvikle dei grepa som har vist å fungere, samstundes som det blir lagt meir konkret vekt på det indre museumsfaglege samspelet i museet.
Forskingsprosjekt, kompetanse, forskingstid og forskingsrelaterte oppgåver per 31. desember 2025:

Prosjekt

Større prosjekt finansiert av MV: 1, i sluttfasen
Større prosjekt finansiert av NFR: 3, i startfasen

Kompetanse og kompetansebruk

Tilsette med doktorgrad: 9
Tilsette utan doktorgrad som har publisert vitskapleg: 7
Tilsette med avtalt forskingstid (i arbeidstida) i 2025: 8
Tilsette under ph.d.-utdanning: 1
Tilsette innan formidling eller forvalting som er involvert i forskingsprosjekt: 8
Tilsette med innvilga delfinansiering av ph.d: 1 (oppstart 2026)
Tilsette med formell forskingskompetanse med redaksjonelt ansvar og/eller forskingsadministrasjon: 3
Tilsette med formell forskingskompetanse med forvaltingsoppgåver, inkl. marinarkeologi: 3
Tilsette med pågåande bokprosjekt personleg eller eksternt finansiert: 4

Publikasjonar

Vitskaplege publikasjonar som har oppnådd godkjent fagfellevurdering: 9
Vitskaplege publikasjonar som er i prosess: 3
Vitskaplege publikasjonar i startgropa i 2025: 5 artiklar og 1 monografi.

AKTIV SAMHANDLING

2025 har vore prega av omfattande samarbeid på tvers av fagfelt, geografi og sektorar. Samhandling med lokalmiljøa står sterkt. Til dømes har Nordsjøfartmuseet vidareutvikla samarbeidet gjennom prosjektet «Til ungdommen» med Sund ungdomsskule og deltek i nettverk for haldningsskapande arbeid i skulen. Bjørn West Museet har ført vidare undervisning om 2. verdskrig med Dyrkolbotn leirskule, og alle musea har tett dialog med sine nærskular. Ved Norges Fiskerimuseum har vi styrkt museet som lokal møteplass saman med Bærekraftige liv, med kafé og bruktmarknadar. Kystmuseet i Øygarden har eit tett og godt samarbeid med Øygarden sogelag, Tjeldstø Grendalag, og Sotra Vidaregåande Skule. KiØ har også utvikla to nye skuleopplegg saman med Universitetet i Bergen/MarDiva. I samband med 8. mai-markeringar samarbeidde fleire av musea med kommune og veteranforeiningar.

Bjørn West Museet har samarbeid med HV-09 om undervisning for deira personell. Vi har samarbeidd med Militærhistorisk foreining Vestland om Kommandobunkeren i Sandviken, og med Universitetsmuseet i Bergen og Bevaringstenestene i arbeidet med nye utstillingar ved Bergens Sjøfartsmuseum og Det Hanseatiske Museum.

Museum Vest har heilt sidan opprettinga i 2005 vore orientert mot og aktiv i nasjonale museumsnettverk. Per 2025 gjeld det særleg nettverka for demokrati, sjøfart, fiskerihistorie og besøks- og attraksjonsutvikling. Vi leiar nettverket for fiskerihistorie, som frå 2024 har fått årleg tilskot frå Kulturdirektoratet. I nettverka utvekslast idear og nye prosjekt blir utvikla. Samarbeidet mellom nettverka for sjøfart og fiskeri resulterte i 2025 i ein vitskapleg antologi om verftshistorie, som vert publisert i 2026. Innan marinarkeologi har IRMAS vore vidareutvikla. Museum Vest deltek elles kvart år i ei rekkje nettverk og prosjekt utover det som alt er nemnt, mellom anna mellomalderklyngja ved Universitetet i Bergen, Havbyen Bergen og hansabysamarbeidet.

KOMMUNIKASJON OG MARKNAD

Merkevarebygging og synlegheit

I 2025 har marknads- og kommunikasjonsarbeidet hatt fokus på å vidareutvikle merkevara. Systematisk bruk av kommunikasjonsplattforma i felles kampanjar og malverk på tvers av avdelingane har gitt ei tydeleg og heilskapleg framstilling. Dette har styrkt synlegheita av publikumstilboda våre i møte med ulike målgrupper og kanalar.

Publikum først

Publikumsopplevinga har vore sentral. Arbeidet har omfatta styrking av tilbod, profesjonalisering av vertskapsrolla og innsats innan service og sal. God tilfredsheit og høg tilgjengelegheit, både fysisk og digitalt, er avgjerande i ein region der musea spelar ei viktig rolle i reiselivet. Auka eigeninntening i 2025 syner at satsinga på butikkutvikling og betre digital kommunikasjon rundt tilbod og billettkjøp, også på fleire språk, har gitt gode resultat.

Eigeninntening og moglegheiter innan KI, billett og booking

For å sikre ei profesjonell og framtidsretta handtering av publikumsstraumen, er utgreiinga av eit nytt billett- og bookingsystem fullført, og systemet blir tatt i bruk i 2026. Parallelt blir potensialet og kompetansen innan bruk av kunstig intelligens i marknads- og kommunikasjonsarbeid eit viktig fagområde, med mål om å styrke effektivitet, presisjon og målgruppetilpassing for auka publikumsbesøk og eigeninntening.

Samarbeid er gull

Museum Vest har lagt vekt på nettverksbygging og strategisk samarbeid. Gjennom synleggjering av musea, styrking av relasjonar og tett dialog med reiselivsnæringa har museet bidratt til utvikling og forbetring av tilbod og lagt grunnlag for nye satsingar. Likeins har internt samarbeid om butikk og kampanjar styrkt kompetansen vår, kvaliteten og effektiviteten.



FELLESTJENESTEN

Fellestjenesten vart etablert som eiga avdeling 1. april 2025 og består av tidlegare Fellesenheten og Administrasjonen. Avdelinga løyser oppgåver som gjeld heile Museum Vest og med prioriterte prosjekt inn mot enkeltavdelingar. Gjennom spisskompetanse innanfor både museumsfaglege og administrative fag bidreg avdelinga til å realisera Museum Vest sine strategiar og planar. Hovudkontoret ligg i Strusshamn.

Fellestjenesten har kompetanse og ansvar innanfor arbeidsområda økonomi, HR og lønn, IT, samlingsforvaltning, marknadsføring, kommunikasjon, forsking, utstillingsdesign- og arkitektur og handverk innan tre og metall.

Avdelinga har i 2025 jobba med eit mangfald av prosjekt både inn mot enkeltavdelingar, heile Museum Vest og i eksterne samarbeidsprosjekt og nettverk. Fleire av prosjekta går over fleire år, slik som utstillingsprosjektet ved Det Hanseatiske Museum, utflyttinga frå Bontelabo og det verftshistoriske prosjektet. I alle tre prosjekta bidreg avdelinga både i leiing og med faglege utviklingsoppgåver.

Andre prosjekt avdelinga har arbeidd med i 2025, er mellom anna den nye utstillinga om vikingtid ved Bergens Sjøfartsmuseum, revisjon av Museum Vest sitt strategiske vegkart, anskaffing av nye system for kasse, billett og booking og implementering av nytt økonomisystem.

ORGANISASJON

Helse, miljø og tryggleik

Museum Vest har eige arbeidsmiljøutval som består av tre representantar frå arbeidstakarsida og tre representantar frå arbeidsgjevarsida. Salutis bedriftshelseteneste deltek når det er naudsynt. Arbeidsmiljøutvalet har hatt åtte møte i 2025 og behandla 48 saker. Det er gjennomført vernerundar i tråd med det som var planlagt. Det har blitt rapportert om ei arbeidsrelatert skade og to tilfelle av arbeidsrelatert sjukefråvær.
Sjukefråværet auka frå 2024 til 2025. I 2024 var langtidsfråværet på 7,5 % mot 8,96 % i 2025. Korttidsfråværet er redusert frå 2,2 % i 2024 til 1,05 % i 2025. Det har vore ein svært høg auke i sjukefråværet dei to siste åra og handteringa av sjukefråværet har vore eit særskilt prioritert arbeidsområde.

Openheitslova

Styret i Museum Vest har vedtatt retningslinjer og rutinar for å handtera faktiske og potensielle negative konsekvensar for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i tråd med føresegnene i openheitslova. Risikovurdering for 2025 er tilgjengeleg på nettsida til Museum Vest.

Likestilling og mangfald

I styret er det fire menn og fem kvinner, og strategisk leiargruppe har fem menn og tre kvinner. Museum Vest hadde i 2025 totalt 67,54 årsverk fordelt på 133 faste og midlertidige tilsette. Av dette er 75 fast tilsette. Av årsverka er 50,15 % kvinner og 49,85 % menn. Ein fullstending ARP-rapport er tilgjengeleg på nettsida til Museum Vest.

Ytre miljø

Stiftinga forureinar det ytre miljø i avgrensa grad.

ØKONOMI

Driftsinntekter



Driftskostnader



Driftsresultat



Eigeninntekter



Eigeninntektene består av sal i kafe og butikk, sal av kioskvarer og billettar og inntekter frå marinarkeologi

Gjennomgang av årsrekneskapen og disponeringar

Årsrekneskapen for 2025 viser totalt driftsoverskott på kr 523 953, og etter finans totalt kr 1 689 067.

Året 2025 var eit greit år, der vi fekk ein del økonomiske utfordringar ved enkelte avdelingar. Samstundes har vi fått betre kontroll på pensjonskostnadene. Vi har hatt fokus på risikostyring og føreseieleg drift. Til dømes har vi inngått fast pris på straum.

Det vert lagt fram forslag om å disponere årets overskot til fond.
Totalt opptent eigenkapital pr 31.12.2025 viser kr 23 630 114, dvs. 62%.
Uttale frå styret om avlagte rekneskapstal og rekneskap, og framleis drift.

Styret stadfestar at avlagte rekneskapstal viser eit rettvisande bilete av drift i året og stilling 31.12.2025. Eigenkapitalen- og likviditetssituasjon er tilfredsstillande og fornuftig i høve til framtidige planar. Museum Vest har ein trygg økonomi.

Informasjon om finansiell risiko

Risikofaktorar når det gjeld framleis drift er å oppretthalda kjeldene til inntekter; offentlege tilskot og andre tilskotsordningar. Og dessutan framleis aukande eigeninntekter og halda oppe dei gode avtalane med våre samarbeidspartnarar.

I 2025 har vi framleis fortløpande gode styringsrapportar på den økonomiske utviklinga for året. Pensjonskostnadene har også blitt høge i 2025 og vil bli det i åra framover. Blant faktorane som gjer denne kostnaden ustabil er mellom anna forventa lønnsoppgjer, avkasting på innestående pensjonskapital og dessutan samfunnsøkonomiske faktorar som inflasjon.

Vi forventar derfor framleis høge og aukande pensjonskostnader i åra som kjem.
Så lenge Museum Vest har ein trygg økonomi og god økonomistyring vil vi kome oss gjennom på ein fornuftig måte. Styret stadfestar at rekneskapen er avlagt under føresetnad om framleis drift.

Foto: Thor Brødreskift